

ELKEM BREMANGER/VERKET

Ei forutsetning for industriutviklinga i Svelgen var vassføringa i Svelgen-vassdraga og etablering av kraftstasjonen til bruk i ulik kraftkrevande industri.

Fram til denne tid var vasskrafta nytta til drift av dei to sagene til Rise- og Sandegardane.

Utviklinga av produksjonen ved Verket er planlagt

i eiga utstilling. I denne historia konsentrerer vi oss om Svelgensamfunnet.



«Provisoren» bak Sandesaga

Den 12. juli 1917 kom «Nordfjord 1» ekstratur med turbinrør for den provisoriske kraftstasjonen «Provisoren». Den vart sett opp før «Svelgen 1» stod ferdig i 1921. Dette gav straum til bygda, og det var stor stas då dei første elektriske lysstrålane vart sendt ut i mai 1918.



Kraftstasjonen stod ferdig i 1921, 100 års jubilant i 2021.

1.november 1921 stod «Svelgen 1» ferdig. Kraftstasjonen blei bygd av knust steinmasse frå tunellarbeida. Arkitekt var Leif Rustad.


I 2021 feirer vi 100-årsjubileum, blant anna med denne kulturminneløypa og teaterstykket «Smelt».

Eit år seinare, i 1922, stod Ålfotstasjonen ferdig.



Avfall/slagg frå anleggsarbeida og produksjon blei brukt til utviding av Øyra ut mot fjorden. Store delar av sentrum er bygd på desse fyllingane.

Utfylling for kai ved Kraftstasjon 10-7-1919



- | | | | |
|-------------------------------------|-----------------------------|--|------------------------------------|
| 1. Historia om Svelgen og Øyratunet | 8. Brakkehaugen | 15. Hus 4 og 5 | 22. Fylkeskaia |
| 2. Rise bruk 3 | 9. Nye huset til Peder Rise | 16. Rustadtun | 23. Sjøkanten og Kjelkenesbutikken |
| 3. Svelgen skule | 10. Bakarhuset | 17. Hus 8 og Driftstyrarbustaden | 24. Sandegardane |
| 4. Risegardane | 11. Risebrua | 18. Sande og Risesaga | 25. Skyssbåtane |
| 5. Bustadutvikling | 12. Sjukestova | 19. Elkem Bremanger | 26. Realen |
| 6. Folkets hus | 13. Villabakken | 20. Samfunnshuset og Gunnar Scheldrup | 27. Kapellet |
| 7. Ungkarsmessa | 14. Bakketunet | 21. Coopen, Børnefabrikken og knalltuten | 28. Avslutning |